

Dagfinn Worren

Merknader til ”Ny rettskriving for 2000-talet”

Motstridande formmangfald og motstridande mandat

Framlegget til ”Ny rettskriving for 2000-talet” er på god veg til rydde opp i eit altfor omfattande og til dels motstridande formmangfald som den nynorske rettskrivinga har vore prega av. Det er til heider for nemnda, for framlegget byggjer på eit mandat som vidarefører dei same motstridande omsyna. På den eine sida skal norma vere ”tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål”, dvs. brukarar som har bokmål til hovudmål. På den andre sida står ”skriftspråktradisjonar”, som i seg sjølv er mangfaldig. ”Breitt talemålsgrunnlag” gjev heller inga opplagd føring for ei heilskapleg norm. Nemnda har hatt ei stor utfordring.

Om å velje personleg norm

I staden for å kome med merknader til heile framlegget, vil eg berre ta opp ei side ved framlegget. Det gjeld spørsmålet om kor tenleg framlegget er når ein skal velje personleg norm.

Mandatet kan seiast å setje språkbrukaren fremst når det heiter at ”[n]orma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse.” Nemnda legg fram ei omfattande litteraturliste, og nokre av skriftene der tek opp den pedagogiske sida ved breie normer. Men litteratur om korleis ein språkbrukar finn fram til den personlege skrivemåten sin, er der vel ikkje. Det har truleg samanheng med at slik litteratur er sparsam, og Kulbrandstad (1996:102) er i tvil om det eigenleg kan forskast fram noko særleg påliteleg kunnskap på dette feltet: ”Er de pedagogiske virkningene av ulike normeringsprinsipper så innfløkte at det er mest uråd å etterrøke dem på systematisk vis?” lyder det pessimistiske spørsmålet hans. Når det å skaffe kunnskap om språkbrukarpsykologi om normval såleis næraust er å samanlikne med eit filologisk månelandningsprosjekt, opnar det vegen for eigenrapportering og eterrasjonalisering om eigne formval. For meg har desse omsyna vore viktige:

1. rettskrivinga i førsteopplæringa mi
2. seinare medviten tilpassing til talemålet
3. seinare oppfatning av logisk og estetisk samanheng i eigne formval

Om punkt 1 er det å seie at normvala i førsteopplæringa har ein varande verknad. Det kan då òg sjå ut som mange får eit livslangt forhold til førstenorma si. Men for meg har ein så viktig kategori som infinitiv vorten korrigert frå -a til -e i samsvar med talemålsgrunnlaget. Andre formval grunnar seg i påverknad frå nynorske rollemodellar i ein periode då det personlege skriftmålet skulle endeleg internaliserast. Fritt etter minnet sa Sigmund Skard i festtalen på 100-årsjubileet til Det Norske Samlaget i 1968: ”Nynorsken er det moderne menneskets uttrykkmiddel, samstundes som han har ein dâm av sevje og mold.” Tolka modernitet som uttrykk for folkeleggjelighet og demokrati har det ført til formval som ”først” og ”kikkert” mot dei meir talemålsnære formene ”fyrst” og ”kikert”, som òg er hovudformer. På den andre sida uttrykkjer ei langform som ”ride” ei tilpassa tradisjonsform.

Framlegg til ”Ny rettskriving for 2000-talet” og personleg norm

Talemålsgrunnlaget kan sjølvsagt spele ei stor rolle når ein utviklar ei personleg norm. Men med skriftfesting spelar den indre samanhengen i formvala også ei stor rolle. Her skal ikkje analogiar, eller samanhengslova som det har vore kalla, undervurderast.

I ”Framlegg” er det i alle fall eitt punkt som i denne samanhengen gjer rettskrivinga meir ugrei enn ho var før. Det gjeld ”3.4.5.a Kort eller lang form i infinitiv av ein del sterke og svake verb”. Her går framlegget ut på å take dei lange infinitivsformene av nokre *einskildverb* ut av rettskrivinga:

be, bla, blø, dra, flø, gjø, gla, gli, gni, ha, kle, kvi, lø, skli, skru, spa, ste, sva, svi, ta, tre, træ, vri

Det er med andre ord tale om å lage ei ny gruppe som berre kan lærest gjennom opprekning. Det bryt for det første mot mandatpunktet som krev at norma skal vere lett å bruke. For det andre skaper det problem i ein ny kategori som ikkje er teken opp til drøfting i denne samanhengen. Det er verbalsubstantiva. Spørsmålet er om konsonanten i etterstavinga også skal falle bort eller om den opphavlege ordstrukturen skal reflekterast, slik som no:

beding, blading, bløding, draging osfr.

Dermed blir også dette punktet eit brot mot prinsippet om ei lettbrukeleg norm, anten ein justerer formene til den vanlege måten å lage *-ing*-former på for verb på rotutlyd (*'be-ing'*), eller om ein gjer unntak frå den lagingsmåten og held på dei historisk rette formene.

Ønsket mitt er at nemnda går bort frå framlegget om å opprette denne nye gruppa av kortstavingsverb, som er rekna opp i 3.4.5.a.

Sluttord

I samla sum bør kravet til den nye norma for nynorsken vere at ho har godt feste i tradisjonen. Samstundes må ho ha dynamiske element i seg som sikrar nynorsken som eit tidhøveleg bruksmål. Verkemiddelet til det er jamstelte former. Dermed må løysinga ofte verte framlegg om jamstelte former både i lyd- og formverk. Det vil vere ein styrke for norma, når denne formtypen ikkje lenger også må tevle med sideformsystemet. Dei fleste framlegga frå nemnda er då også skjønsame, ikkje minst på dette punktet. Men språkbrukarpsykologien er ikkje alltid det, veit vi.